



Odd Steinar Arnesen på Fjelly med andreklassa frå skulen for 2 år sidan (Foto: Thomas F. Eide)

**Hyttestyret for ungdomslagshytta Fjelly ved Mannsvatnet inviterer no til 2 spennande, innhaldsrike og lærerike leirdagar på hytta 4. og 5. august.**

**Invitasjonen går til dei som er mellom 9 og 13 år, det vil seie frå 3. til 7. klassesetrinn. Du finn annonse under Det skjer i Uskedalen.**

Det blir frista med aktivitetar som fjellklatring, tur, friluftsliv og fiskeing om dagen og ulike konkurransar og leikar om kvelden.

Det kan vera luftgeværskyting, bading, leirbål med grilling og kos 'og sjølvsagt spøkeshistoriar før vi legg oss i den trygge og gode hytta vår', som det står i invitasjonen.

Gjengen dreg til fjells torsdag 4. august klokka 9 og kjem attende fredag 5. august klokka 16.

Påmeldingsfristen går ut allereie 19. juni og prinsippet først til mølla gjeld. Det er eit begrensa antal plassar.

Leirkontingenten er 200 kroner pr. born og innmeldinga skjer til Randi på telefon 41288090 eller til Odd Steinar på telefon 90722766.